

## Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester

Det Kongelege Landbruksdepartement  
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Dykkar ref.  
Vår ref. TIB

Journalp.ID 04/3769  
ArkivsakID 04/304  
Arkiv nr. N-000

Dato 11.03.2004

### NY LOV OM SKOGBRUK - HØYRING

Det vert synt til høyringsbrev, dagsett 04.12.2003.

Meland kommune vil gi fylgjande utale til framlegget til ny skogbrukslov.

#### Vurdering:

#### § 1 Formålet med lova

Ordet *hovudsiktemål* bør kome inn i forslaget til føremålsparagraf:

Føremålsparagrafen vil då lya:

***Denne lov har til formål å fremme ei berekraftig forvaltning av skogressursane i landet med hovudsiktemål på verdiskaping , og å sikre det biologiske mangfaldet, omsyn til landskapet, friluftslivet og kulturverdiane i skogen.***

Denne teksten vil setje ei auka fokus på verdiskapning innafor dei rammer miljøomsyn set. Landbruksdepartementet legg opp til at den nye lova i utgangspunktet skal vera ei *næringslov*

#### § 2 Virkeområdet for lova

Ingen merknad

#### § 3 Skogbruksstyremakt

*Skogbruksstyremakt* er eit betre enn noverande *skogoppsyn*.

#### **§ 4 Skogeigars sitt forvaltningsansvar**

Ein er samd i at det er skogeigar som har ansvaret for at alle tiltak i skogen vert gjennomført i samsvar med føresegnene i lova og dei forskrifter som vert gitt i medhald til lova.

Ein er også samd i at skogeigaren skal ha oversikt over og plikter å ta omsyn til miljøverdiane ved alle tiltak i skog.

Når det gjeld forslaget om ei miljøforskrift bør den tilpassast den frivillige ordninga *Levende skog standardar* som vart utarbeidd av skognæringa og miljøorganisasjonane i førre århundre.

## **KAP II SKOGBRUKSTILTAK**

#### **§ 5 Skogregistrering og skogbruksplan**

Det bør opnast opp for at det kan setjast krav til utarbeiding av skogbruksplan ved eigedomsovertaking for skogeigedomar av ein viss storleik.

#### **§ 6 Forynging og stell av skog**

Ein er samd i forslaget til ny forskrift om forynging at den bør innehalde krav om tilfredsstillande forynging av hogstflater innan ei vis tid (planting 3 år) og krav til tettleik og treslag som er tilpassa veksestaden

Ein har sett mange døme på at det ikkje vert foryngt tilfredsstillande på hogstflater og no som gulrota, statstilskott til planting, er teken vekk, kan det verta endra mindre med tilfredsstillande forynging. Skogeigarane bør påleggjast eit forvaltningsansvar i så måte.

I forskrifta er det lagt opp til minstekrav til tettleik på ny skog. Minstekrav ligg langt under tilrådingane for optimal tettleik som er tilrådd frå skogforskinga. Dette kravet må skjerpast elles vil dette gå ut over kvaliteten på foryninga.

#### **§ 7 Vegbygging i skog**

Ingen merknad

#### **§ 8 Hogst og måling**

Ingen merknad

#### **§ 9 Førebyggjande tiltak**

Ein meiner at det bør kome ein regel i siste ledd som synt i klamme i § 9. Hjorteskade på skog har i dei siste ti-åra uka frå år til år i kystskogbruket.

#### **§ 10 Tiltak etter skader på skog**

Ingen merknad

#### **§ 11 Meldeplikt**

Ingen merknad

## **KAP III. VERNSKOG OG OMRÅDE MED HØGT PRIORITERTE MILJØVERDIAR**

#### **§ 12 Vernskog**

Ingen merknad

### **§ 13 Skogområde med viktige miljøverdier**

Ingen merknad

## **KAP IV SKOGFOND M.M.**

### **§ 14 Innbetaling til skogfond**

Ein er samd i att skogavgift vert erstatta med skogfond. Dette av pedagogiske grunnar. Minstesatsen på skogfond bør vere på minimum 5 % av bruttoverdien av virket. Dette på grunn av det er slutt på statstilskott til skogplanting.

### **§ 15 Bruk av skogfondet**

Ingen merknad

### **§ 16 Renter av skogfondsmiddel**

Ingen merknad

### **§ 17 Avgift av skogsvirke for å fremme forskning og utvikling i skogbruket**

Ingen merknad

## **KAP V. AVSLUTTANDE FØRESEGNER**

### **§ 18 Tilskot**

Ingen merknad

### **§ 19 Tilsyn, kontroll og rapportering**

Ingen merknad

### **§ 20 Klage**

Ingen merknad

### **§ 21 Straff og tvangsgebyr**

Ingen merknad

### **§ 22 Iversetjing og overgangsreglar**

Ingen merknad

Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester

---

Tore-Inge Bratteteig  
Skogbrukssjef